
Saksnr: 2021/51875-1
Saksbehandlar: Merete Farstad

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for næring		17.11.2021
Fylkesutvalet		30.11.2021
Fylkestinget		15.12.2021

Regional plan for vassforvaltning for Vestland vassregion 2022-2027 - vedtak

Forslag til innstilling

1. Vestland fylkesting vedtek med heimel i Plan- og bygningslova § 8-4 *Regional plan for vassforvaltning for Vestland vassregion for 2022-2027* med tilhøyrande tiltaksprogram og handlingsprogram.
2. Vestland fylkesting føreset at staten, kommunane og fylkeskommunane legg vassforvaltningsplanen til grunn for det vidare arbeidet med vassforvaltning.
3. Vestland fylkesting føreset at sektorstyresmaktene gjer gode kost-nytte vurderingar før iverksetting av tiltak.
4. Vestland fylkesting føreset at ei eventuell endring i vassforvaltningsplanen ved sentral godkjenning vert gjort i samarbeid med vassregionstyresmaktene.
5. Vestland fylkesting føreset at staten framleis vil ta ansvar for økonomi og deltaking i planarbeidet i planperioden 2022-2027.
6. Vestland fylkesting ber fylkesdirektøren vurdere ressursbehov for oppfølging av planen ved handsaming av årlege budsjett i planperioden.

Samandrag

Føremålet med vassforvaltningsplanen er å gje ei omtale av korleis vi ønskjer å forvalte vassmiljøet og vassressursane i Vestland vassregion på lang sikt. Planen bygger på vassforvaltningsplanane for Hordaland og Sogn og Fjordane for 2016-2021. Planen har eit tilhøyrande tiltaksprogram og handlingsprogram. Planen set miljømål for vassførekomstane, tiltaksprogrammet skisserer tiltak for å nå miljømåla, og handlingsprogrammet koordinerer prosessen med å nå miljømåla. Kommunar, fylkeskommunar og statlege etatar er gjennom planen plikta til å legge miljømåla til grunn for deira planlegging og verksemd. Vestland vassregionutval slutta seg til vassforvaltningsplanen 07.10.21. Dokumenta låg ute på høyring og offentleg gjennomsyn 01.04.21-30.06.21.

Rune Haugsdal
fylkesdirektør

Bård Sandal
avdelingsdirektør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Dei regionale vassforvaltningsplanane med tilhøyrande tiltaksprogram for 2016-2021 for heile Noreg vert no oppdatert og skal vedtakast innan utgangen av 2021. Vassforskrifta set krav om at vi vernar heilskapleg om vassmiljøet og har ein berekraftig bruk av vatnet ved å sette miljømål for vassførekomstane. Siste frist for å nå miljømåla for vassførekomstane er i 2033.

Vassforvaltningsplanane med tilhøyrande program legg ein plan for dette arbeidet. Vi er no inne i andre planrunde av dei regionale vassforvaltningsplanane, og kvar planperiode er på seks år. Planen for Vestland vassregion 2022-2027 bygger på gjeldande vassforvaltningsplanar for 2016-2021 for vassregionane Hordaland og Sogn og Fjordane. Til vassforvaltningsplanen for 2022-2027 er det utarbeidd eit tiltaksprogram og eit handlingsprogram.

Vassregionane Hordaland og Sogn og Fjordane var eigne vassregionar i perioden 2010-2019, men vart slegne saman frå 1.1.2020 til Vestland vassregion. Grensene for vassregionen følgjer vassdragsgrensene og ikkje fylkesgrensene. Vassregionen består i hovudsak av Vestland fylke, men også mindre areal frå Møre og Romsdal, Innlandet, Viken og Rogaland inngår i vassregionen.

Vassregionen er delt opp i ni vassområde; Nordfjord, Sunnfjord, Ytre Sogn, Indre Sogn, Nordhordland, Vest, Voss - Osterfjorden, Hardanger og Sunnhordland. Kommunane har delteke i planarbeidet gjennom samarbeidet i vassområda. Vassområdeutvala er leia av kommunane (politisk). Kwart vassområde har ein vassområdekoordinator som har ansvar for å følgje opp kommunane og koordinerer arbeidet i vassområdet.

Alle offentlege aktørar er samla i Vestland vassregionutval. Kommunane er representert med leiarane av vassområdeutvala. Det er skipa ei regional referansegruppe med interessentar, lag og organisasjonar knytt til vassregionutvalet.

Vestland fylkeskommunen er vassregionstyresmakt og skal arbeide for å få alle aktuelle aktørar med i planlegginga og søkje å oppnå størst mogleg grad av semje i vassregionutvalet. Fylkeskommunen har utarbeidd plandokumenta i samråd med aktuelle kommunar, fylkeskommunar, Statsforvaltaren og andre aktuelle statlege etatar. Sektorstyresmakter, inkludert kommunar, har bidrege med innspel og tekstbidrag til planen og tiltaksprogrammet. Dei ulike sektorstyresmaktene med verkemiddel til å gjennomføre tiltaka, har skissert tiltaka dei har planlagt å gjere og lagt dei inn i Vann-nett med kostnadsoverslag.

Vestland vassregionutval slutta seg til vassforvaltningsplanen, tiltaksprogrammet og handlingsprogrammet i møte 07.10.21.

Tidlegare i prosessen er det utarbeidd:

- Planprogram for Hordaland vassregion og Sogn og Fjordane vassregion
- Hovudutfordringar i Sogn og Fjordane vassregion
- Hovudutfordringar i Hordaland vassregion

Plandokumenta

Vassforvaltningsplanen er ein regional plan etter plan - og bygningslova § 8-1 andre ledd og er utarbeidd i samsvar med § 8-3. Vassforskrifta set krav til innhald i vassforvaltningsplanen og tiltaksprogrammet jf. §§ 25 og 26 og vert oppdatert kvart sjette år. Klima- og miljødepartementet (KLD) vil i samråd med aktuelle departement godkjenne planen etter vedtak i fylkestinga. Fylkestinga er siste instans for vedtak av tiltaksprogrammet og handlingsprogrammet. Det vert vurdert årleg om det er trong for å oppdatere handlingsprogrammet jf. plan- og bygningslova § 8-1. Regional plan skal leggjast til grunn for verksemda til regionale organ og for kommunal og statleg planlegging og verksemd i regionen jf. pbl. § 8-2.

Regional plan for vassforvaltning 2022-2027 er eit oversiktdokument på regionalt nivå. Planen gir ei oversikt over miljøtilstanden for alt vatn i vassregionen. Det er fastsett miljømål for alle elvar, bekker, innsjøar, grunnvatn og kystvatn. Miljømåla skal verne om vassførekomstane og sikre ein mest mogleg heilskapleg og berekraftig bruk av vassførekomstane. Miljømåla omtaler miljøtilstanden vi skal oppnå i perioden 2022-2027.

Regionalt tiltaksprogram 2022-2027 gir ei regional oversikt over aktuelle tiltak som skal bidra til å nå miljømåla for vassførekomstane. Tiltaka skal førebyggje, forbetre og eller få tilbake god

miljøtilstand der det er naudsynt. Tiltaka skal gjennomførast av sektorstyresmaktar med verkemiddel til å gjennomføre tiltaka og skal starta opp innan tre år etter at planen er godkjent.

Handlingsprogrammet skildrar kva for oppfølging planen krev og peiker ut ansvarlege organ og samarbeidspartnarar.

Nasjonale føringar

KLD/Klima- og miljødepartementet har i samråd med aktuelle departement utarbeidd nasjonale føringar for arbeidet med oppdatering av vassforvaltningsplanane. Føringane bidreg m.a. til å avklare målkonfliktar. Det følgjer av vassforskrifta at vassforvaltningsplanane skal vere i tråd med føringane. Planen for Vestland er utarbeidd i samsvar med nasjonale føringar for arbeidet. Det er behov for å jobbe vidare med fleire av dei nasjonale føringane i planperioden for t.d. å beskytte drikkevasskjeldene betre. Dei nasjonale føringane legg vekt på at den kommunale arealplanlegginga er viktig for å nå miljømåla.

Kunnskapsgrunnlaget

Kunnskapsgrunnlaget til planen er samla i databasen Vann-nett.no. Her ligg opplysningar om m.a. miljøtilstand, påverknadar, tiltak og miljømål, og ev. utsett frist for å nå miljømålet for den enkelte vassførekomst. Vestland vassregion har i underkant av 5000 vassførekomstar. Databasen er dynamisk og vert kontinuerleg oppdatert. Dei aller fleste figurar og tabellar i planen og tiltaksprogrammet er utdrag på regionnivå frå Vann-nett. Statlege etatar har sjølv ansvar for å leggje inn tilstrekkelige med tiltak med kostnadsestimat som dei planlegg å gjennomføre for å nå miljømåla. Vassområdekoordinatorane har i dialog med kommunane lagt inn desse opplysningane for kommunane.

Prioriteringar

Vestland vassregionutval har gjort regionale prioriteringar for å betre miljøtilstanden i vatn. Med bakgrunn i prioriteringar i dei gjeldande vassforvaltningsplanane for Hordaland og Sogn og Fjordane for 2016-2021, hovudutfordringsdokumenta for 2022-2027 for Vestland og datagrunnlaget i Vann-nett har Vestland vassregionutval skilt ut nokre problemstillingar som utvalet vil prioritere å jobbe vidare med i planperioden 2022-2027. Det er spesielt behov for vidare innsats innanfor følgjande tema:

- Restaurering av vassdrag, klimatilpassing og flaumsikring
- Tiltak for å handtere overvatn betre
- Arealbruk
- Vasskraft
 - Å innføre standard naturforvaltningsvilkår i alle regulerte vassdrag
 - Prioritere Vettlefjordelvi for mogleg vasslepp
- Avløp
- Landbruk
- Beskytte drikkevatt og badevatt
- Akvakultur
 - Redusere påverknad frå rømt oppdrettsfisk og lakselus
 - Å få inkludert sjøaure i trafikklyssystemet
- Betre data- og kunnskapsgrunnlaget
- Kunnskapsdeling
- Ressursar til vassområda
 - Sikre ei langsiktig og føreseieleg finansiering av drift av vassområda

Miljømål og tiltak

Ifølge vassforskrifta har sektorstyresmaktene eit sjølvstendig ansvar for å foreslå og å gjennomføre tiltak for å tette gapet mellom dagens miljøtilstand og miljømåla. Sektorstyresmaktene avgjer sjølv kva for tiltak dei skal gjennomføre innanfor sine ansvarsområde for å nå miljømåla. Alle forslag til tiltak er summert opp i tiltaksprogrammet. Sektorstyresmakter vil i ettertid saksbehandle tiltaka.

Tidspunktet for å nå miljømålet kan utsetjast med ein planperiode (seks år) dvs. til 2033. Forvaltningsplanen gir i kap.2.2 oversikt over når miljømåla er planlagd nådd. Årsak til utsett frist må vere i samsvar med vassforskrifta § 9. Tiltak som er kostnadskrevjande å gjennomføre og må prioriterast over tid, eller at det tek lang tid å sjå effekten av tiltak kan vere årsak til utsett frist for å nå miljømåla.

Høyring

Dokumenta låg ute på høyring og offentleg gjennomsyn 01.04.21-30.06.21. [Høyringsinnspela er summert opp i ein høyringsrapport](#). Det kom inn mange innspel som sorterar til andre sektorstyresmakter enn fylkeskommunen å vurdere. Sektorstyresmaktene har hatt høve til å vurdere om innspela bør takast til følgje. Deira kommentarar ligg som vedlegg til høyringsrapporten. Plandokumenta er oppdatert med endringar på grunnlag av innkomne høyringsinnspel.

På grunnlag av innkomne høyringsinnspel ber vi aktuelle departement avklare om skisserte tiltak, metodikk og lovverk er tilstrekkeleg til å redusere påverknad frå akvakultur (rømt oppdrettsfisk og lakselus) slik at miljømåla for vassførekomstane vert nådd (kap. 1.1.7 i vassforvaltningsplanen). I same kapittel er det og skissert behov for betre verkemiddel (økonomiske, juridiske) for å nå miljømåla.

Vedtakskompetanse

Fylkestinget har avgjerdsmynde til å vedta regionale planar jf. punkt 2.1.1. i *Reglement for folkevalde organ og delegering (oktober 2020)*.

Vurderingar og verknader

Kommunar, fylkeskommunar og statlege etatar er gjennom planen plikta til å legge miljømåla til grunn for deira planlegging og verksemd. Planen gjeld alle sektorar og skal medverke til å styre og samordne vassforvaltning og arealbruk på tvers av kommune- og fylkesgrenser. Planen rettar seg mot offentlege styresmakter dvs. kommunar, fylkeskommunar og statlege etatar.

Fylkeskommunen er regional planstyresmakt og har ansvar for den regionale samfunnsutviklinga. Erkjenning av samfunnet sin avhengigheit av godt vassmiljø bør vere viktig for val av utviklingsstrategiar og handlingar lokalt og regionalt. Det skal som hovudregel ikkje gjevast løyve til nye inngrep eller ny aktivitet som fører til at miljømåla ikkje vert nådd eller at tilstanden i vatn vert dårlegare. Arealplanlegging er eit viktig verkemiddel både for å beskytte og å nå miljømåla i vassforvaltningsplanen. Denne planen har retningsliner knytt til arealbruk og kommunale planer. Dersom retningslinene i planen ikkje vert fylgt, gir dette grunnlag for å fremme motsegn etter plan- og bygningslova.

Sektorstyresmakter vil gjennom si sakshandsaming avklare og vurdere fordelar og ulemper ved dei enkelte tiltaka før endeleg avgjerd om å gjennomføre tiltak vert teke. Ev. endring av tiltak skal meldast til fylkeskommunen.

Økonomi

Den enkelte sektorstyresmakt med verkemiddel til å gjennomføre tiltaka i tiltaksprogrammet vil gjennomføre og finansiere tiltaka eller påleggje nokon å gjennomføre og finansiere tiltaka. T.d. kan Miljødirektoratet pålegge ei industribedrift å redusere ureining frå bedrifta. For enkelte tiltak er det aktuelt med eit spleiselag for å finansiere tiltaka. Det finst ulike tilskotsordningar som ein kan nytte for å delfinansiere fleire av tiltaka.

Det ligg inne nokre få tiltak i tiltaksprogrammet som sorterar til Vestland fylkeskommune å gjennomføre. Tiltaka er knytt til utbetring av kulvertar og fjerning av vandringshindre for fisk langs fylkesveggar. Desse må innarbeidast i dei årlege økonomiplanane til fylkeskommunen.

Klima

I Vestland fylke har det vore ein del store skadehendingar i vassdrag dei siste åra pga. flaum. Auka utfordringar med meir nedbør og temperaturendringar gjer at vi bør byrje å sjå meir heilskapleg på vassdraga våre for å hindre skadar og alvorlege hendingar, samtidig som vi tek vare på eller betrar leveområda til vasslevande organismar.

I mange land vert elverestaurering nytta som flaumsikringsmetode. Restaurering av vassdrag som flaumsikringsmetode inneber m.a. å opne bekker, utvide elveløpet, opne flaumløp, og fjerne eller justere tersklar. Dette vil gi vassdraget større kapasitet til å frakte med seg vatn og redusere faren for erosjon i elvekantar, hindre at elva tek nye løp eller flaumar over vassdragsnært areal. Slike område vil gjerne krevje meir areal, men samfunnsnyttan kan verte stor av å redusere skadeflaumar samtidig som fisk og anna biologisk mangfald vil få betre levevilkår. Planen prioriterer å arbeide med problemstillingane nemnd over.

Folkehelse

Berekraftig bruk av vassdraga våre kan gi betre livsvilkår både for biologisk mangfald og folk. Friluftsliv og turisme treng reine og trygge badeplassar, gode tilhøve for å fiske, padle, ro og rafta. Mange vil gå på tur og nyte reint vatn, fossebrus og bekkeklukking, fisk som sprett over vassflata og synet av fuglar som jaktar på fisk og insekt.

Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi)

Regional plan for vassforvaltning støtter opp om FN sine berekraftsmål 6 (reint vatn), 14 (liv under vatn), 15 (liv på land), og 17 (samarbeid for å nå måla) med vektlegging av dei to første. Utarbeiding av regional plan for vassforvaltning er i samsvar med utviklingsplanen. Den regionale vassforvaltningsplanen er eit viktig verktøy for å oppfylle målet om heilskapleg vern og berekraftig bruk av vassmiljøet og vassressursane våre. Sjølve planarbeidet bidreg til ei meir samordna og heilskapleg vassforvaltning. Mange ulike avgjerdstakarar og interessentar vert knytte saman i eit arbeid om eit felles kunnskapsgrunnlag, fastsetting av miljømål og tiltak på tvers av sektorar og forvaltningsnivå.

Konklusjon

Vassforvaltningsplanen er ein regional plan etter plan- og bygningslova for å sikre god lokal og regional medverknad og politisk forankring. Planen har strenge rammer og mindre regionalpolitisk handlingsrom enn andre regionale planar. Vassforskrifta styrer innhald i vassforvaltningsplanen og tiltaksprogrammet. Planarbeidet følgjer ei nasjonalt styrt framdrift og organisering. Planen er skreve etter ein mal som baserer seg på dei internasjonale krava til innhald. Han er basert på semje frå dei involverte sektorstyresmaktane og har ein konsensusbasert organisering i vassregionen. Det betyr at det er lite politisk handlingsrom på dette nivået. Det kan gjerast politiske prioriteringar innanfor ansvarsområda til fylkeskommunen. Det er likevel mogleg å setje vatn på dagsordenen, løfte lokale og regionale utfordringar og løfte diskusjonar av prioriteringane på ressursnivå.

Fylkeskommunen må bruke sine verkemiddel som regional planstyresmakt til å beskytte vassmiljøet. Miljømåla for vassførekomstane må leggjast til grunn for å beskytte vassmiljøet i regionale og kommunale planar. Denne planen har retningsliner knytt til arealbruk og kommunale planar. Dersom retningslinene i planen ikkje vert fylgt, gir dette grunnlag for å fremme motsegn etter plan- og bygningslova.

Oppdatert kunnskapsgrunnlag om vassførekomstane ligg i databasen Vann-nett og ligg til grunn for datagrunnlaget i plandokumenta. Planen har bidratt til felles kunnskapsgrunnlag og semje om miljømål og tiltak på tvers av ulike sektorar og forvaltningsnivå. Det er skissert tiltak for dei fleste vassførekomstar som treng tiltak for å nå miljømåla. Det er den enkelte sektor sitt ansvar å skissere tilstrekkeleg med tiltak for å nå miljømåla. Det er trong for å auka innsatsen for å nå miljømåla. Det kan vere naudsynt å betre verkemidla, bruken av dei og å auke ressursar for å gjennomføre planen. Det er viktig å halde fram med å styrke ei heilskapleg vassforvaltning.

Fylkesdirektøren rår Fylkestinget til å vedta Regional plan for vassforvaltning 2022-2027 med tilhøyrande tiltaksprogram og handlingsprogram for Vestland vassregion slik den ligg føre.